



MASFJORDEN KONTROLLUTVAL

MØTEUTSKRIFT SAK 13/23 FRÅ MØTEPROTOKOLL 25.04.2023

| | |
|-----------------|---|
| Møtedato: | 25.04.2023, kl. 08.45 – 11.15 |
| Stad: | Kommunehuset, Masfjordnes |
| Tilstades: | Rigmor Søvik (leiar), Ragnvald Tangedal (nestleiar), Jostein Kvamme Duesund (medlem) og Birger Wergeland (vara) |
| Forfall: | Berit Lygre (medlem), Gro Serine Baarøy (medlem) |
| Andre: | Rådmann Svein Helge Hofslundsengen, ordførar Karstein Totland |
| Frå revisjonen: | Revisjonssjef Janne Eraker, forvaltningsrevisor Ragnhild Kartveit Høyland, Vestlandsrevisjon IKS |
| Sekretær: | Torbjørgr Grøttveit Gjerstad, Region Nordhordland IKS |

13/23 ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING 2022

Saksvedlegg:

Uttale til årsrekneskapen og årsmelding for 2022

Revisjonsmelding 2022, Vestlandsrevisjon IKS

Årsmelding 2022, Masfjorden kommune

Rekneskap 2022, Masfjorden kommune

FRAMLEGG TIL VEDTAK

1. Kontrollutvalet vedtek vedlagte forslag til uttale om kommunen sitt årsrekneskap og kommunen si årsmelding for 2022.
2. Kontrollutvalet sin uttale vert sendt til kommunestyret med kopi til formannskapet.

BEHANDLING I MØTET

Revisjonssjef Janne Eraker orienterte om revisjonen, og gjekk gjennom innhaldet i revisjonsmeldinga og rapporten om revisjonen. Ho merka at det er positivt at det er gitt ei rein revisjonsmelding. Godt avlagt rekneskap og godt dokumentert.

I Masfjorden har det vore positiv utvikling gjennom fleire år. Vidareutvikling og forbetring på fleire områder. Det overordna inntrykket er at rekneskapen er bra og dokumentasjonen er på plass. Dokumentasjonen har vore litt mangelfull tidlegare, men har blitt betre gjennom dei siste åra.



Sjølve rekneskapsdokumentet er eit godt og fullstending dokument i følgje lov og forskrift, det same gjeld årsmeldinga.

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen kommenterte revisjonen, og gav ei overordna orientering om rekneskapa 2022. Stor forbetring frå budsjett til rekneskap. Mykje pga. av trekk i rammetilskot til konsesjonskraft, som ikkje vart så mykje som indikert av kommunal- og distriktsdepartementet i slutten av 2021.

Kontrollutvalsmedlemmene stilte spørsmål om rekneskapa og årsmeldinga til rådmannen og fekk svar.

Kontrollutvalet diskuterte framlegget til uttale til årsrekneskapa og årsmeldinga, og stilte seg bak dette.

Årstalet som viser til datoar for avlegging av årsrekneskap og årsmelding, samt revisjonsmelding i framlegg til uttalen er feil. Det står 2022, medan det rette naturlegvis er 2023. Dette vert retta i dokumentet som vert sendt over til kommunestyret. Utover denne årstalfeilen vart kontrollutvalssekretariatet sitt framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Kontrollutvalet vedtek vedlagte forslag til uttale om kommunen sitt årsrekneskap og kommunen si årsmelding for 2022.
2. Kontrollutvalet sin uttale vert sendt til kommunestyret med kopi til formannskapet.

Masfjorden, 25.04.2023

Rigmor Sjøvik
Leiar i kontrollutvalet

Torbjørgr Grøttveit Gjerstad
Kontrollutvalssekretær

Til Masfjorden kommune v/kommunestyret

UTTALE TIL ÅRSREKNEKAP OG ÅRSMELDING FOR 2022

Kontrollutvalet har i møte den 25.04.2023 handsama årsrekneskapen og årsmeldinga for 2022 for Masfjorden kommune som er avgitt av rådmannen den 22.2.23 og 31.3.23, samt tilhøyrande revisjonsmelding datert 17.04.23.

Kommunen har i 2022 eit netto driftsresultat på kr. 15 790 192. Rådmannen har gitt kontrollutvalet utfyllande orientering om årsrekneskapen og årsmeldinga og svart på spørsmål frå kontrollutvalet.

Revisor har, i revisjonsmeldinga, ikkje gitt merknadar til årsrekneskapen/årsmeldinga. Revisor har gitt kontrollutvalet utfyllande orientering i møtet og svart på spørsmål frå kontrollutvalet.

Med grunnlag i kontrollutvalet sine kontrollaktivitetar retta mot økonomiforvaltninga og ei samla vurdering tilrår difor kontrollutvalet at årsrekneskap og årsmelding for 2022 blir godkjent slik dei ligg føre.

Ut over det som er nemnd i uttalen, og det som går fram av saksframlegget til kontrollutvalet i rekneskapsaka, samt revisjonsmeldinga av 17.04.23, har kontrollutvalet ikkje merknader til Masfjorden kommune sin årsrekneskap og årsmeldinga for 2022.

Masfjorden, 25.04.2023

Kontrollutvalet

Kopi: Formannskapet